



# Valldal Idrettslag

## Styremøte Valldal IL torsdag 5. november 2020 kl 19.30 Klubbhuset – Omenås

Einar Hoel, Odd Lennart Vikene, Anne Nygård og 2. vara Anne Lene Hjelle

Fotball v/Solfrid Fjeldstad  
Friidrett v/Magne Eivind Glomnes (møtte på siste sak)  
Ski v/Jan Ole Fuglem  
Trim v/Oddbjørn Myklebust  
DiskSPORT v/Richard Moen

Forfall: Trond Håvoll og Ellisiv Jarvik

Sakliste -

### **38/20 Oppdatering frå gruppene og hovudstyret**

**DiskSPORT:** Leiar hadde meldt seg på trenarkurs 2 i Oslo. Han avlyste på grunn av koronasituasjonen.

**Ski:** Treninga går sin gang. Tysdag 20. oktober hadde dei ein trenings-/stimulerings-/kurskveld med skikretsen og skiforbundet.

**Friidrett:** Ingen aktivitet

**Fotball:** Serien er ferdig. Trening førebels utandørs, ikkje starta inne. Det vert ikkje grendacup i romjula. To lag påmeldt i futsalserien

**Trim:** Fjelltrimmen var ferdig 31.10. Frist for å sende inn korta er 20. november.

**Styret:** Vi er invitert til marknad i Skomakergata 28. november og 5. desember. I år er det avgift for å delta. Men dei har spurt om å leie telt, så det er ikkje sikkert at det vert ein utgift for oss. Vi skal selje jubileumsboka og kanskje nokre andre produkt.

Vi hadde deltakarar på Frivilligforum i Stordal.

Det er årsmøte i Fjord Idrettsråd tysdag 10.11. Einar og Ellisiv er vald til å delta. Styret i idrettsrådet skal gjere innstilling og prioritering av spelemiddelsøknader. Det er lagt in søknad på anlegget på Krikane.

Det vert arrangert aktivitetsleiarkurs for barn opp til 12. år. Det vert arrangert 28. og 29. november. Deltakaravgift kr 650. Odd Lennart sender ut informasjon.

Dagleg leiar tok opp problemet med at klubbhuset står ulåst. Han oppmodar alle til å låse etter seg. Han vil samle inn alle nøklane som fotballtrenarane har.

### **39/20 Plan for anlegg og utstyr**

I 2018 vedtok styret Plan for anlegg og utstyr. Denne bør reviderast kvart år. Det har ikkje vorte gjort. Difor er det på tide å ha ein gjennomgang no. Vedteken plan vert sendt ut og den enkelte bør gå gjennom for å kome med ev forslag om endringar.



# Valldal Idrettslag

Vedtak:

Planen vert vidareført for 2020 og 2021

## 40/20 Trimtilbod på Martin Linge huset

Fjordtrim er framleis stengt og Fjord kommune har vendt seg til Valldal idrettslag om mulegheit for å etablere eit trim-/treningsstilbod på Martin Linge huset. Valldal idrettslag er i så fall tiltenkt ein rolle for å organisere og ha ansvar for økonomi. Bakgrunnen er eit møte 29.10 i Fjord kommune, der Valldal idrettslag ikkje var til stades (var heller ikkje invitert), sjå vedlegg. Korleis skal vi ev organisere dette og legge opp dette? Det er eit positivt tiltak når anna ikkje er muleg å gjennomføre og det kan vere muleg å få ein del økonomi ut av dette, då det vil vere naturleg å bruke drop-in prisar. Instruktørar kan leigast inn frå Fjordtrim. Men det krev ressursar til organisering

Vedtak:

Valldal Idrettslag ønskjer ikkje å ta på seg ekstra arbeid med organisering av trimtilbod inne på Martin Linge huset.

Det er fleire årsaker til dette:

- Uavklart situasjon m.o.t. korona og trening for breddeidrett
- Organisering vil vere dugnadsbasert, medan instruktørar må leigast inn frå Fjordtrim. Uheldig prinsipp. Det vil krevje ekstra ressursar med smittevern og reinhald
- Idrettslaget viser til det trim- og treningsstilbod som er etablert i lysløypa. Lysløypa kan brukast av alle grupper
- Det vil truleg kome i gang trimtilbod i regi av trimgruppa på Martin Linge huset når bruk og treningstider er avklart

## 41/20 Rapport frå kontrollutvalet

Utvalet har møte 3.11. og har sendt ein rapport for arbeidet så langt og har kome med ein del tilrådingar særleg når det gjeld rekneskap og økonomi. Brev frå kontrollutvalet vart sendt til styremedlemmene 4. november, og gjennomgått på møtet.

Vedtak:

Vi skal rette på dei forholda som er omtala. For å tilfredsstillere krav om to til å godkjenne utbetalingar må vi bytte frå nettbank til nettbedrift. Vi har mål om å ha gjort utbetringane slik at dei er gjeldande frå 2021.

## 42/20 Leiar i fotballgruppa

Solfrid vil snart gå ut i ein permisjon og då kan ho heller ikkje kan ivareta funksjonen som leiar i fotballgruppa. Dette vil gjelde ein periode på 1 – 2 månader. Det er ingen andre i gruppa som vil ta på seg leiarsfunksjonen i denne perioden. Det er lågsesong for fotball denne tida . Det må likevel vere ein som er definert som leiar og har det ansvaret og også kan møte i styret.



# Valldal Idrettslag

Vedtak:

Kenneth Hovden har sagt seg villig til å ta oppgåvene den tida Solfrid er i permisjon. Det er årsmøtet som skal velje leiar for gruppene, men i denne saka der det berre er ei par månader vert det mest praktisk å gjennomføre det på denne måten.